



Retningsliner for kommunalt tilskot til utbygging og rehabilitering av private anlegg til idrett og fysisk aktivitet

1 Innhold

1. Heimel, formål og omfang.....	1
2. Målgruppe	1
3. Kven tildeler midlane og korleis vert dei fordelt?	1
4. Vilkår.....	2
5. Rutinar for utbetaling og rapportering.....	2
6. Medverknad: uttale frå Askvoll idrettsråd	2

1. Heimel, formål og omfang

Kommunestyret gjorde i KOM-sak 077/15 vedtak om at det vert utarbeidd eit regelverk for tildeling av kommunalt tilskot til utbygging av private anlegg til idrett og fysisk aktivitet med tilskotssatsar og maksimal tilskotssum.

I budsjettet for 2016 er det sett av kr. 150.000,- til ordninga. Midlane vert sett av på teneste 38000.

Ordninga er tenkt permanent, men den økonomiske ramma vert fastsett årleg av kommunestyret gjennom budsjettvedtak.

2. Målgruppe

Ordninga gjeld utbygging og rehabilitering av private anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Det kommunale tilskotet vert knytt opp mot ordninga for tilskot frå spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Lag og organisasjonar som oppfyller krava til å kunne søkje spelemidlar jf. gjeldande føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, kan få kommunalt tilskot til sine prosjekt.

3. Kven tildeler midlane og korleis vert dei fordelt?

Tildeling av midlar vert gjort årleg av kommunestyret. Tildelinga vert gjort i samband med rullering av handlingsprogrammet til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet og prioritering av Askvoll kommune sine spelemiddelsøknader (i kommunestyremøtet kvart år i desember).

I hovudregelen vert tilskotet årleg fordelt mellom det ordinære anlegget og nærmiljøanlegget som står på første plass i kommunestyret si prioritering av Askvoll kommune sine spelemiddelsøknader.

Sidan det kan gå fleire år frå ein søker spelemidlar for første gong til anlegget får tildeling, kan det hende at same anlegg står på 1.plass i fleire år på råd. I dette tilfelle vert tilskotet fordelt mellom det ordinære anlegget og nærmiljøanlegget som er prioritert høgast etter det anlegget/dei anlegga som allereie har fått tildeling frå tilskotet.

4. Vilkår

Eit anlegg kan berre få støtte ein gang frå denne ordninga.

Anlegg som står i handlingsprogrammet, og som har fått kommunalt støtte gjennom eit enkeltvedtak før denne tilskotsordninga vert etablert, kan ikkje få støtte frå denne ordninga.

Ordninga gjeld utbygging og rehabilitering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet, og ikkje vanlege driftskostnader for anlegget.

Prosjektet skal utførast i samsvar med Kulturdepartementet sine føresegner for dei einskilde anlegg.

5. Rutinar for utbetaling og rapportering

Tilskotet vert utbetalt som ein eingongssum i budsjettåret etter vedtak om tildeling kvart år i desember (sak om rullering av handlingsprogram i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet og prioritering av Askvoll kommune sine spelemiddelsøknader).

Kontroll av rekneskap skal utførast av kommunerevisor når eit anlegg som har fått meir enn kr. 200 000 i spelemidlar. Uttale frå kommunerevisor er då samstundes rapportering for det kommunale tilskotet.

Anlegg som har fått spelemidlar inntil kr. 200 000, og som ikkje nyttar kommunerevisor må levere rekneskap når anlegget er fullført.

Askvoll kommune kan krevje tilbakebetaling av tilskotet dersom prosjektet ikkje vert realisert eller ikkje vert gjennomført i samsvar med Kulturdepartementet sine gjeldande føresegner for dei einskilde anlegg.

6. Medverknad: uttale frå Askvoll idrettsråd

Framlegg til vedtak for tildeling vert sendt til uttale til Askvoll idrettsråd. Uttala vert lagt fram i kommunestyremøte.

Vedteken av kommunestyret i KOM-sak 123/15